Norsk etnologisk Granskning

Emnenr 76

Tilleggsspørgsmålnr.

Emne Dei kloke

Fylke Rogaland
Herad Sokndal
Bygdelag Bakkabygda

Gård Sel

Opskrevet av Tobias Sel
adresse Hauge i Dalane

G. nr 40 Bnr 1

Svar

Lat meg fyrst seia Haugianerne var svert sterke her i Dalane og mykje av det gamla vart truleg glöimt av den grunn.
I siste halvdel av det atten hundradåret var her ein heil del gruvedrift og det gjorde nok sitt til at mykje av det gamle vart glöimt.
Om lækjande vatn er her injen sogor
Av lækjande urter kan nemnast St Olavs skjegg. den voks i små bergrever. vist eg ikkje minnest feil var det helst når dei hadde vrengt ein fot eller ein arm dei skulle bruka St Olavs skjegg - dei skulle vist steika det, saman med smör, å smörja seg med.
Ein annen ting var hylleblommar. dei skulle plukkast å tørkast å deretter når dei var forkjöla kokast og drikkast vart
Det var også sagt at hvist folk åt dei

15504

fyrste tri kvitveisar dei fant om våren skulle dei ikkje verta sjuke det år
Det var sagt at folk skulle måla seg for mosotto. Ka det skulle meina veit eg ikkje. men Hans Seland har det same uttrykkje i sine bygdefortellinger så det må vera kjendt i Vest Agder
Dei hadde og så noke dei kalla kretl
Dei ska hatt spurt ei kona so laga kretl kva ho bruka for å laga dette. ho svara: „Någe lann å någe tort, å någe a mitt eie, så eg ikkje vil seie!"
Det var brukt til å smörja seg med når det var ein svulst eller folk hadde hogga eller skåre seg å det ikkje ville gro att.
Dei fortell om ein gamal mann omkring 1890 at han hadde ein svulst ner ennetarmen. Då han jekk til dokteren hadde svulsten opna seg å dokteren kunne sjå inn til tarman Dokteren sa då: „Min gode mann du må forberede deg på å dö, du står det ikke over!" „Da veit ikkje du: svarte mannen. han fekk tak i kretl og kom seg.
Baketter jekk mannen til dokteren å sa: „Ha, ha, sjå kva du veit, du sa eg kom til å döy. sjå om eg ikkje vart go att."
Igler var også eit middel så mykje brukt når folk hadde vont eit eller annar stad f. eks når dei hadde vont i ryggen eller sting for brystet.
Åreladning var kanskje det seinste middel eller det som helt seg lengst.
Her i Sokndal var der ei kona (gamal

jenta) så dreiv med åreladning å kopping heilt til noken år inn i dette hundraåre, ho heite Åsina.
Det var helst kopping ho dreiv med
Det var nit som med igler, ho hogga hol på ei bloåra på den staden det var vont, så sette ho eit horn på såret som saug blodet ut.
I si tid hadde folk stor tru på at igler, åreladning å kopping var godt.
Ellers har eg haurt at folk trudde at drebelen kunne siga ned i halsen
Då måtte dei gå til folk som forsto seg på det, å få disse til å dra i noken visse hår i hovudet å dra han upp att eller dei tok å stakk ei sjei inn i munnaun å fekk drebelen opp att.
På buskapen kunne der også koma sjukdomar, bl. a. Rekamen, da sto kua å spende å sparka la seg ned og reiste seg opp att. Då var det ei eller annor gaannekona så hadde hug til å koma til den plassen.
Dei so var gamle då eg var ein gutonje sa at for det mesta kom der ei kona til kua, ho var med i fjøsen og strauk kua med handa. Med ein gong var kua bra.
Korleis dei som trudde dei forsto seg på lækjakunst og sjukdom hadde lært dette veit eg ikkje, truelig hadde dei lært det av foreldra sine
Det var prestan så hadde svartaboka.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

15504